

Til deg som skal utføre medikamentell abort på sjukehus

VELKOMMEN TIL GYNEKOLOGISK AVDELING

Medikamentell abort blir gjort ved hjelp av tabletene Mifegyne og Cytotec. Mifegyne stopper svangerskapet, og Cytotec fører til at innhaldet i livmora blir støytt ut.

Den første tabletten skal du ta på sjukehuset, og når den er teke kan du ikkje ombestemme deg. Du må kome tilbake på sjukehuset dersom du kaster opp den første tabletten innan den første timen for å få ein ny tablet.

Nokon kan få litt blødinger og magesmerter dei neste dagane. Nokon kan oppleve å abortere som følgje av Mifegyne. Dersom det skjer skal du likevel fullføre behandlinga to dagar seinare som avtalt.

Bruk bind dersom du får blødinger, ikkje tampong. Om du har behov for smertestillande medikament, vil vi anbefale deg å bruke Paracet og Ibx.

får du Mifegyne på Gynekologisk poliklinikk / Gynekologisk sengepost i 3. etg., Kvinneklinikken.

To-tre dagar etter du har fått Mifegyne skal du møte på **Seksjon for generell gynekologi og gynekologisk kreft** i 3. etg. på Kvinneklinikken for å fullføre aborten.

Du møter _____ / _____ Kl. _____

Frå poliklinikken vil du få med deg ein medikamentpakke, slik at du kan starte behandlinga heime kl 07.30

- Start med å late vatnet slik at blæra er tom.
- Svelg 2 Paracet, 2 Voltaren/Diclofenac og 1 Afipran/Metoclopramide Orifram.
- Set 4 tabletar Cytotec i skjeden. Desse skal du setje så langt opp i skjeden som du klarer.

Resten av tabletene skal du ta med til sjukehuset, og gi det til sjukepleiar som vil hjelpe deg vidare.

Du bør ha på deg behagelege klede. Du kan gjerne ete før du kjem på sjukehuset. Du skal ikkje køyre bil, og du bør ha nokon som kan hente deg når du er ferdig. Sjukehuset kan ikkje ta på seg ansvaret for verdisaker og vi rår deg derfor til å ta med deg minst mogleg verdisaker når du kjem til sjukehuset.

Når du kjem til avdelinga møter du ein sjukepleiar som vil hjelpe deg. Det er vanleg å vere i avdelinga i 4-8 timer. I nokon tilfelle vil behandlinga vare lengre, og det kan då vere nødvendig at du blir på sjukehuset utover ettermiddagen, evt. overnattet til neste dag.

Dersom du har lite eller ingen blødning etter 3 timer, får du 2 nye Cytotec tabletter du skal leggje under tunga. Dersom du heller ikkje aborterer etter desse vil du få Cytotec tabletter kvar tredje time til du aborterer. Om ikkje aborten blir avslutta ved hjelp av dette, må vi gjennomføre ei utskraping av livmorhola.

Du kan få sterke menstruasjonssmerter under aborten, spesielt når kroppen er i ferd med å støyte ut innhaldet i livmora. Det er også normalt at du får blødning med blodklumper, såkalla koagelblødning. Du må vere førebudd på å blø kraftigare enn ved ein vanleg menstruasjon.

Du skal ikkje køyre bil denne dagen.

DERSOM DU ER OVER 9 UKER GRAVID:

Du må bruke bekken ved kvart toalettbesøk for at vi skal vere sikker på at du har abortert og kan reise heim. Bekkenet får du av sjukepleiarar. Graviditetsproduktet er stort nok til at du kan sjå det, og vi anbefaler derfor at du ikkje ser i bekkenet. I sjeldne tilfelle kan det vere behov for ei ultralydundersøking av deg før du reiser heim.

ETTER ABORTEN SKAL DU VERE OPPMERKSAM PÅ FØLGJANDE:

- Menstruasjonsliknande mørk blødning og utflokk kan førekomme inntil 4 veker etter aborten.
- Bruk bind, ikkje tampong eller menskopp.
- Unngå samleie og bading så lenge du blør.
- Smerter som ved menstruasjon kan førekomme i 1-2 veker.
- Menstruasjonen kjem vanlegvis tilbake 4-6 veker etter aborten.
- Den første menstruasjonen er ofte kraftigare og meir langvarig.

KLAMYDIA TEST:

Det blei rutinemessig teke ei klamydiaprøve då du var på Gynekologisk poliklinikk. Lege ringer deg kun dersom testen er positiv, og det er påvist klamydia. Den seksuelt overførbare sjukdommen klamydia skuldast infeksjon med bakterien *Chlamydia trachomatis*.

Det er svært viktig at du gjennomfører behandlinga dersom du har positiv klamydiatest. Risikoene for bekkeninfeksjon er høgre under ein provosert abort. Bakterien kan spreie seg til livmor og eggeliarar på kvinner og gje ein infeksjon i bekkenet. Etter ein slik infeksjon kan ein ha vanskar med å bli gravid.

Klamydia blir behandla med antibiotika. Vanlegvis tek ein tablettar ein gang dagleg i sju dagar. Behandling av klamydia er gratis i Norge. Resept vil du få av legen som kontaktar deg. Du skal avstå frå samleie i ei veke etter oppstarta behandling.

Partner må også teste seg dersom du har fått påvist klamydia. Testen kan bli gjort hos fastlegen, v/poliklinikk på sjukehuset Seksuelt overførbare infeksjonssjukdommar eller på helsestasjon for ungdom dersom du er under 20 år.

PREVENSJON:

- Dersom du skal starte med p-pillar eller p-plaster kan du starte den kvelden du fullfører aborten eller morgenon etter.
- Ein p-ring kan settast inn mellom 1. og 5. menstruasjonsdag.
- Ein p-stav kan leggjast inn mellom 1. og 5. menstruasjonsdag.
- Ein spiral kan leggjast inn på slutten av neste menstruasjon.

TA KONTAKT MED KVINNEKLINIKKEN DERSOM DU:

- Har kraftig blødning med klumper i meir enn 2 veker
- Har blødningar som vare meir enn 4 veker
- Har smerter som vare meir enn 2 veker
- Får feber over 38 grader

ETTERKONTROLL:

Etter aborten må du kjøpe ein graviditetstest. Du skal sjølv kontrollere at denne er negativ 4 veker etter aborter.

Graviditetstesten skal du ta _____ / _____.

Dersom testen er positiv, skal du gå til legekontoret ditt å ta ei blodprøve (serum HcG). Prøva måler nivået av svangerskapshormon i blodet ditt, og fortel oss om behandlinga har vore vellukka.

Det er viktig at du tar denne graviditetstesten.

Dersom du ikkje gjer det, er dette på eige ansvar.

TA KONTAKT MED OSS OM DU HAR SPØRSMÅL

VENNLEG HELSING

Gynekologisk avdeling

Tlf. nr 55 97 42 36 (måndag – fredag kl. 08.00 – 15.30)

Telefon: 55 97 42 00

www.helse-bergen.no/kk

Mars 2021